

RETNINGSLINJER FOR GÅVEUTDELINGAR FRÅ SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

§10 Kulturstipend for ungdom

Føremål

Vera eit bidrag til ungdom som tek utdanning innan kultur/idrett, eller på anna måte ynskjer å vidareutvikla seg i aktivitetar knytt til kultur, idrett eller open klasse.

Målgruppe

Utøvar innan kultur, idrett eller open klasse, som er busette, oppvaksne, eller ha markert seg særleg i regionane i Hardanger og/eller Voss.

Vilkår

Det er utøvaren sjølv som må søkja om stipend.

Det kan stillast krav om fullfinansiering av eit tiltak før midlar vert utdelt.

Det kan stillast krav om at mottakar må forplikta seg til å senda stiftinga ein rapport om korleis stipendet er nytta.

Storleik

Inntil 8 stipend à kr 30 000,- eller inntil 2 stipend à kr 60 000,- og inntil 4 stipend à kr 30 000,-

Søknadsfrist

31.mars. Søknadsfristen for kulturstipend skal gjerast kjend i lokalpressa og i sosiale medier. Søknadsfristen skal vera 1 måned etter utlysing.

Søknaden

Gåvesøklar søker direkte på nettstaden til stiftinga.

Det er høve til å lasta opp eigne dokument i søknadssystemet.

Det er ønskeleg at kommunikasjonen mellom søklar og stiftinga skal vera skriftleg.

Søknaden må innehalde ein kort presentasjon av søkjaren, ei grunngjeving for kvifor ein søker stipend og planar for eventuell framtidig utdanning. Dersom ein søker stipend med bakgrunn i konkrete tiltak/prosjekt, må søknaden også innehalde budsjett, finansieringsplan og framdriftsplan.

Det må opplysast om søkjaren får midlar frå andre. Søknaden vert handsama fortruleg.

Jury

Juryen vert sett saman av:

- 2 representantar med fagkunnskap innan aktuelle kulturområde.
- 1 representant frå styret i Sparebankstiftinga Hardanger.
- 1 representant frå administrasjonen i Sparebankstiftinga Hardanger.

Dersom juryen manglar fagkunnskap for vurdering av enkelte søklarar, kan det hentast inn uttale frå folk med kunnskap om søkjaren sitt fagområde.

Juryen lagar ei innstilling til styret i Sparebankstiftinga Hardanger som gjer vedtak om tildeling av stipend.

Utdeling

Stipendet skal delast ut på eit passande arrangement.